

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 22/00386-18
Saksbehandler Lene Øyulvstad

Høyring - 4-årig tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane i Agder - skuleåret 2025/2026-2027/2028

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Ungdomsrådet	19.08.2024	5/24
2 Formannskapet	22.08.2024	47/24
3 Hovudutval for oppvekst og levkår	24.09.2024	16/24
4 Formannskapet	03.10.2024	55/24

Ungdomsrådet har behandlet saken i møte 19.08.2024 sak 5/24**Møtebehandling**

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Ungdomsrådets innstilling

Vedlagte forslag til høyringssvar om 4-årig tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane i Agder – skuleåret 2025/2026 – 2027-2028 blir vedtatt. Kommunedirektøren sender inn høyringssvar på vegne av kommunen innen frist 03.10.25.

Formannskapet har behandlet saken i møte 22.08.2024 sak 47/24**Møtebehandling**

Samrøystes vedtak:
Saka vart utsett og sendt til Hovudutval for oppvekst og levkår for uttale.

Formannskapets innstilling

Saka vart utsett og sendt til Hovudutval for oppvekst og levkår for uttale.

Hovudutval for oppvekst og levekår har behandlet saken i møte 24.09.2024 sak 16/24

Møtebehandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til innstilling var samrøystes vedteke.

Hovudutval for oppvekst og levekårs innstilling

Denne saka omhandlar tilbodsstrukturen for vidaregåande skular i Agder for skuleåret 2025/2026 – 2027/2028.

Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Agder blir send på høyring slik han kjem fram av saksframlegget. Forslaget beskriv kva tilbod som blir planlagde lyst ut for skuleåret 2025/2026 – 2027/2028.

Formannskapet har behandlet saken i møte 03.10.2024 sak 55/24

Møtebehandling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Formannskapetets vedtak

Vedlagte forslag til høyringssvar om 4-årig tilbodsstruktur for dei vidaregåande skulane i Agder – skuleåret 2025/2026 – 2027-2028 blir vedtatt. Kommunedirektøren sender inn høyringssvar på vegne av kommunen innen frist 03.10.25.

Høyring - 4-årig tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane i Agder - skuleåret 2025/2026-2027/2028

Kommunedirektøren si innstilling:

Vedlagte forslag til høyringssvar om 4-årig tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane i Agder – skuleåret 2025/2026 – 2027-2028 blir vedtatt. Kommunedirektøren sender inn høyringssvar på vegne av kommunen innen frist 03.10.25.

Vedlegg

Tabell - Alle tilbud sortert på utdanningsprogram 2025-2026 4-årig plan

Tabell - Alle tilbud sortert på skole 2025-2026 4-årig plan

Rapport -Ståstedsanalyse skoler Kristiansandsregionen 2024

Oversikt over aktive deltakere VOV - fordelt på fag

Høyringsinnspel fra Åseral kommune 4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skule

Høringsdokument – 4-årig tilbudsstruktur for vidaregåande skoler i Agder – 2025/2026-2027/2028

Saka kort fortalt

Agder fylkeskommune har lagt frem eit forslag til ein fireårig tilbudsstruktur for vidaregåande skoler i Agder skuleåret 2025/2026 – 2027/2028. Forslaget er ute til høyring med høyringsfrist 3. oktober.

Høyringsdokumentet beskriv bakgrunnen for de endringane som blir gjorde i tilbudsstrukturen frå skuleåret 2025/2026 – 2027/2028. Forslag er justert etter den forventa utviklinga i elevtalet, arbeidsmarknaden og behovet til næringslivets, og dessutan etter innspel og samarbeid mellom dei vidaregåande skulene og administrasjonen til utdanningsavdelinga.

For skuleåret 2025/2026 – 2027/2028 blir det foreslått for Byremo VGS å oppretthalde dagens tilbudsstruktur for ungdom. For Setesdal VGS er det foreslått ein auke på linje for bygg- og anleggsteknikk og reduksjon i elevtal på realfag og språk, samfunnsfag og økonomi.

Bakgrunn

Denne saka omhandlar tilbudsstrukturen for vidaregåande skular i Agder for skuleåret 2025/2026 – 2027/2028.

Tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Agder blir send på høyring slik han kjem fram av saksframlegget. Forslaget beskriv kva tilbod som blir planlagde lyst ut for skuleåret 2025/2026 – 2027/2028.

Vurdering

Agder fylkeskommune har lagt fram eit forslag til tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder skuleåret 2025/2026 – 2027/2028.

Høyringsdokumentet beskriv bakgrunnen for dei endringane som blir gjorde i tilbudsstrukturen frå hausten 2025 og dei fire neste åra. Forslag er justert etter den forventa utviklinga i elevtalet, arbeidsmarknaden og behovet til næringslivet, og dessutan etter innspel og samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og administrasjonen til utdanningsavdelinga.

Frå skuleåret 2025/2026 blir det foreslått for Byremo vidaregåande skule å halda oppe dagens tilbudsstruktur for ungdom. Det er nokre tilbod som blir redusert og eit tilbod som blir styrkte ved Setesdal VGS avd. Hornnes. Å redusere talet på elevplassar blir vurdert å vera negativt.

Om ein ser dette i relasjon til satsingsområda til kommunen i kommuneplanen, tilfredsstiller den foreslåtte tilbodsstrukturen langt på veg dei behova som følgjer av satsingsområda.

I Åseral kommune er reiseliv ei stor næring, så kommunen vil oppmoda fylkeskommunen til å vurdera å oppretta sal, service og reiseliv som linjetilbod ved ein av nærskulane våre.

Åseral kommune vil i tillegg oppmoda fylkeskommunen til å leggja til rette for ei utvikling innan bygg og anleggsteknikk (VG1 og VG2) som innrettar seg mot kravet i framtida relatert til klima, miljø og berekraft. Til dømes kan økologisk naturreparasjon vera eit interessant fagområde å implementera på anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.

Konklusjon

Med bakgrunn i at tilbodsstrukturen for dei to nærskulane våre i hovudsak blir haldne oppe, vil kommunedirektøren tilrå at Åseral kommune stiller seg bak det framlagde forslaget med unntak av reduksjon i elevplassar ved Setesdal VGS avd. Hornnes. I tillegg at me bør fortsette å oppmoda fylkeskommunen om å oppretta tilbod innan sal, service og reiseliv, og dessutan t.d. implementera fagområdet økologisk naturreparasjon som del av anleggsteknikk/arbeidsmaskiner VG2.

RETT UTSKRIFT

DATO 3.oktober.2024